# Referat frå ressursgruppemøte for Læringsnettverket

## Dato: 19.01.2022 Stad: Teams

| Sak: | Agenda/Tema: | Status/konklusjon: | Konklusjon/<br>ansvar og tidsfrist: |
|---|---|---|---|
| 1. | **Presentasjon og godkjenning av agenda** | **Innleiing og formålet med dette møtet**<br>Kort oppsummering frå møtet vi hadde den 10.11.2021.<br>Kort presentasjonsrunde<br>Ingen innspel til agenda | **Konklusjon:**<br>Agenda godkjent |
| 2. | **Statusrunde**<br>**Kva planar har dei ulike aktørane på barnevernområdet i 2022?**<br>**-** Fokus i 2022<br>-Planar og aktivitetar på barnevernområdet<br>-Ønskje om samarbeid? | **Planer for 2022**<br>Kvart kompetansemiljø og dei to kommunane som var representert sa litt om:<br>• Særlege fokus i 2022<br>• Planar og aktivitetar på barnevernområdet<br>• Ønskje om samarbeid med nettverket<br><br>**RVTS Vest – Linda Renate**<br>Trygg til handling: https://rvtsvest.no/trygg-til-handling/<br>Opplæring i samtale med barn og verktøya «Jeg vet» og «Snakke med»<br>https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/2022/02/fordjupningskurs-i-snakkemedbarn.no/<br>Konsultasjonsteama – fokus nå på korleis følgje opp desse enda betre<br>https://rvtsvest.no/konsultasjonsteam-om-vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn/<br>Kva har vi som kan gjerast enklare tilgjengeleg for fleire?<br>Pågåande arbeid med å revidere nettportal. Arbeider med å utvikle gode digitale tilbod – mellom anna utvikling av opplæringsvideoar.<br>https://rvtsvest.no/digitale-ressursar/<br>RVTS tilbyr mellom anna å delta på ein til tre møter i enkeltsaker dersom barneverntenester tek kontakt, da skal alle involverte instansar delta i møtet. Eit anna tilbod er Fredagsfokus: 45 minutt om ulike tema sjå opptak her: https://rvtsvest.no/fredagsfokus/<br><br>**RKBU Vest – Unni**<br>Vil gje tilbod om ei kursrekke om fosterheimsarbeid, om slekt og nettverksplasseringar og fosterheim for barn med migrasjonsbakgrunn startar 3. og 4. mai 2022.<br>https://www.norceresearch.no/arrangementer/fosterhjem-i-familie-og-naere-nettverk-god-praksis-i-mote-med-familier-og-mangfold<br>Vi har ulike kurstilbod retta mot sped- og småbarnsarbeid:<br>• Working Model of the Child Interview<br>• Ages and Stages Questionnaire<br>• Alarm Distress Baby Scale<br>• Crowell-prosedyre<br>Lenke til mer informasjon om RKBU Vest sine tilbud:<br>Kurs, utdanninger og møteplasser - Norce (norceresearch.no)<br>Andre satsinger for RKBU Vest i 2022 er:<br>• Kreativ Sammen: Relasjonell livskvalitet for unge med flyktninger i Norge, Finland og Storbritannia<br>• Grunnmodellen for hjelpetiltak i barneverntjenesten<br>• De utrolige årene<br>• Barnevernfaglig veiledningsutdanning | **Orienteringssak**<br>Frå alle kompetansemiljøa som var representert<br><br>Nokre refleksjonar over informasjonen frå kompetansemiljøa, og kva kommunane som var representert hadde merksemd på no i starten på året. |

- Familieterapi og Olweus

<u>Barnevernsforum</u>
Dette er en digital møteplass for kunnskaps- og erfaringsdeling på barnevernsfeltet – de neste barnevernforum er:
24.02.2022 Kl. 9.00 – 10.00: "Trygge foreldre på Haugalandet?"
«Erfaringer fra Haugalandet om COS P foreldreveiledning
07.04.2022 kl. 09.00 – 10.00: Sosioøkonomisk ulikhet 19.05.2022 kl. 09.00 – 10.00: Utdanningssituasjonen til barn i barnevernet og tverretatlig samarbeid.

**Bufetat - Berit**
Vi har kome langt med kompetanseoverføringa på fosterheimsområdet i Rogaland og Vestland. Vi vil også i 2022 tilby kommunar å fullføre den opplæringa dei har starte på, gje nye tilbod både i Rogaland og Vestland, i tillegg etablere eit nettverk for rettleiarane.

**NUBU – Jorid**
NUBU (avd. barn, region vest - Vestland og Rogaland):
Oppdrag videreføres mht. videre implementering av PMTO (Parent Managment Training Oregon) og kommunemodell TIBIR, arbeidet gjerast i samarbeid med Bufetat. Kommunar i regionen skal få tilstrekkeleg støtte og oppfølging til etablering og drift av disse tiltaka.

Sluttfører PMTO-terapeututdanning våren 2022. Plan om oppstart av ny PMTO-terapeututdanning i slutten av 2022/begynnelsen av 2023. Pågåande rekruttering og avklaring med nye aktuelle kommunar og påfyll av terapeutar i kommunar med eksisterande avtaler.

NUBU avd. barn held og fram med sitt arbeid med utprøving av foreldrerettleiing som del av Grunnmodellprosjektet, samutvikling av tenestetilbod med 10 utvalte barneverntenester/kommunar. (Dette arbeidet inngår i ein større heilheit og utvikling av tiltak i samarbeid mellom RBUP Øst og Sør, RKBU Vest, NUBU og utvalgte kommunar på oppdrag frå Bufdir).

NUBU avd. barn, tiltaksutvikling STM (Støtte til meistring), målgruppa er foreldre med barn som viser engstelse, er nedstemte og/eller i kombinasjon med åtferdsvanskar/foreldres omsorg. Søker om godkjenning av en RCT-studie (randomisert kontrollert studie).

**Korus – Brita Kristin Levestad**
Korus Bergen, kompetansesenter på rusfeltet har i oppdrag å styrke praksisfeltet innan rusmiddelførebygging, folkehelse og rusbehandling.

<u>Noko av det vi kan tilby er:</u>
Kompetanse på rus og tilrettelegging saman med tenesta korleis ulik kompetanse, verktøy og modeller på dette feltet kan implementerast.

Bedre tverrfaglig innsats (BTI) som er ein samhandlingsmodell for alle i kommunane som møter gravide, barn, unge og foreldre der det er knytt bekymring til. Det er per i dag 21 kommunar i Vestland som er i gang med BTI.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Opplæringsprogrammet Tidlig inn (Ti) for å styrke kommunane sitt arbeid i møte med gravide og småbarnsforeldre og deira barn.<br><br>Motiverende samtale (Mi) som er en klientsentrert, målfokusert og evidensbasert samtalemetode som har som formål å styrke ein persons motivasjon til å endre åtferd.<br><br>Les mer her: https://www.korusbergen.no/<br><br>**Høgskulen på Vestlandet – ved Hege og Vibeke**<br>Nytt mastertilbud: Til hausten startar Høgskulen på Vestlandet opp ein heilt ny masterutdanning i sosialvitenskap, med studieretningane; barnevernsarbeid, miljøterapeutisk arbeid og samfunnsarbeid. Haust 2022 tar HVL opp studentar på studieretning barnevernsarbeid, miljøterapeutisk arbeid og fleksibel modell.<br>Bli med på digitalt informasjonsmøte om utdanningen 17.februar kl.14:30<br>Utdanninga kvalifiserer til stillingar i kommunalt og statleg barnevern der det frå 2031 stilles krav om masterutdanning.<br>Studieretning barnevernsarbeid er i tråd med forskrift om nasjonal retningslinje for masterutdanning i barnevernsarbeid.<br>Søknadsfristen til studiet er 1. mars.<br>Les mer om utdanningen på hvl.no<br>HVL er vert for FORSA-konferansen i 20.-21.2022,<br>Tema for årets konferanse er dei store samfunnsutfordringane knytt til sosial ulikskap og berekraft. På nettsida finn de meir informasjon: https://www.hvl.no/forsking/konferanse/den-nasjonale-forsa-konferansen-2022-barekraft-og-sosial-ulikhet/<br><br>Arrangementet er delvis overlappande med barnevernleiar- og læringsnettveksamlinga 21.-22. september. Denne kollisjonen er uheldig, men det har vore umogeleg for begge arrangementa å endra dato. Målgruppa er for det meste ulik, men det er dumt at HVL og UIB ikkje vil ha moglegheit til å delta på møta den 20. september og fyste dag av læringsnettverkssamlinga.<br><br>**Barnevernstenesta – ved Anita og Laila**<br>I Øygarden opplever dei god flyt i utviklingsarbeidet no. Det er ein intensiv fase der ein forsøker å gjere alt klart for å sette ny barnevernsvakt ut i live. I Bergen er fosterheimsprosjektet inne i siste fase av prosjektperioden. Dei er godt i gang med å lage strukturar for at det som er utvikla og lært i prosjektperioden blir ein del av den ordinære drifta i kommunen. Ellers er begge spente på korleis dei vil merke at reforma no har trådt i kraft, både praktisk og økonomisk. Det har over tid vert ei merksemd på barnevernreforma i kommunane, men no opplever dei at også fleire aktørar begynner å engasjere seg i oppvekstreforma, politisk- og kommunal leiing og leiarar i dei andre tenestene som møter barn og unge. | |
| 3. | **Førebuing til årsmøte** | **Førebuing til digitalt årsmøte for barnevernsleiarar**<br>Som i 2021 har vi invitert alle barnevernleiarane i Vestland til eit møte der alle kan gje innspel til styringsgruppa sitt mandat og kva læringsnettverket skal sette fokus på gjennom 2022. Denne forankringa | **Konklusjon:**<br>Vi er klare til årsmøte. Bente vil lede møtet. Berit vil halde eit kort |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | er viktig, samt at det er ein fin arena til å informere ut om kva planar vi har for 2022 og få direkte innspel på om aktivitetane møter dei behova som leiarane meiner tenestene og prosjekta har. Da har vi ein moglegheit til å justere oss slik at aktivitetane møter dei reelle behova. Så langt har om lag halvparten av barnevernsleiarane i Vestland godtatt invitasjonen.<br><br>**Saker vi planlegg å komme innom på årsmøtet:**<br><br>- Kompetansesatsing 2022<br>- Barnevernreforma (oppvekstreforma)<br>- Strategi, fokusområde og mandat – kva trenger vi frå læringsnettverket i 2022?<br>- Styringsgruppa legger frem forslag til aktivitetar i læringsnettverket for 2022<br>- Barnevernledarane sine innspel til styringsgruppa<br>- Val av styringsgruppe for 2022 (de fleste kandidatane stiller til attval)<br><br>Berit vil kort seie noko om kva planar Bufetat har for kompetanseoverføring på fosterheimsområdet i 2022 på møtet.<br><br>Andre tema kommunane nå er opptatt av er nye kompetansekrav og kva dei betyr i praksis. F. eks. kva studieprogram er aktuelle for å bygge naudsynt kompetanse for dei som ikkje har master? Den lovpålagte planen for forebyggande arbeid, jamfør barnevernloven § 1-3.<br>Får vi tid i møtet kan vi høyre litt om status i kommunane kring dette. Uansett er dette teama vi vil sette på programmet på arrangementa våre denne våren. Kanskje HVL og UIB kan førebu eit innlegg om dei nye kompetansekrava og sine studietilbod? | innlegg om kompetanseoverføring a. Vi legg fram forslag til aktivitetsplan, prosjektstøtterigg og møteplan i møtet. Bente sjekkar ut med dei som ikkje har svart på om dei ænskjer attval. |
| 4. | **Nokre avklaringar** | **Korona – må vi gjere justering på planen?**<br>Vi ønska å gjennomføre temasamlinga om implementering fysisk, men pga. smittesituasjonen vurderer vi at det er betre og gjere denne digitalt, sjølv om vi sjølvsagt mistar eit viktig aspekt. Vi trur at vi kan få fleire deltakarar på denne måten, det vil krevje mindre tid og ressursar å delta digitalt. Lenke til påmelding finn de her:<br>https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=pOumcHGW0kW4PkMuBlAiQqznDtaJB2FHioEwxeQNk7NUMzhBQUZKSDJLNzgxUVVXWFFDTFdVSDJVMS4u<br><br>Ei anna justering er at første samling i prosjektleiarforum vert 28.01.2022, invitasjon er sendt til prosjektleiarane.<br><br>Arrangementa som ligg i planen etter årsmøtet vert lagt ut på nettsida i starten på februar. Øvrige invitasjonar knytt til prosjektstøtteriggen vert sendt i teams så snart som råd. | **Konklusjon**<br>Vi gjennomfører temasamling om implementering som planlagt den 16.02.2022 – denne blir digital RKBU og NUBU tek hovudansvar for førebuingane. |
| 5. | **Poster mal – presentasjon av prosjektene - rapportering smal** | **Mal for presentasjon av utviklingsprosjekt**<br>Vi fekk heller ikkje denne gangen tid til å gå gjennom postermalen som Linda frå RVTS har laga, men den vert sendt ut i etterkant av møtet slik at alle kan sjå den og ev. sende innspel til justeringar til Linda med kopi til Bente. Frist for tilbakemeldingar set vi til 15.02.2022. Etter det vert den ferdigstilt og gjort tilgjengeleg på nettsida for læringsnettverket saman med malane for samarbeidsavtale og spørsmål om bistand frå kompetansemiljø. | **Konklusjon:**<br>Sendast ut i etterkant til gruppa, alle kan gje innspel innan 20.02.2022. Bente og Linda ferdigstiller arbeidet og gjer den tilgjengeleg på nettsida. |

| 6. | **Eventuelt** | Ingen saker på eventuelt | |
|---|---|---|---|

Medlemmar i ressursgruppa:

| **Namn:** | **Representerer:** | **Deltok på møtet:** |
|---|---|---|
| Hege Sundt | Høyskolen på Vestlandet, campus Sogndal | Ja |
| Vibeke Samsonsen | Høyskolen på Vestland, campus Bergen | Ja |
| Linda Renate Kvalvik | RVTS | Ja |
| Jorid Bjørkås | NUBU | Ja |
| Astrid Toft | KS Vestland | nei |
| Berit Hognestad Haaland | Bufetat | Ja |
| Unni Strandman | NORCE – RKBU Vest | Ja |
| Heidi Eriksen Losnedal | Barnehuset i Bergen | nei |
| Brita Leivestad | KoRus | Ja |
| Anette Christine Iversen | Universitetet i Bergen – HEMIL | Nei |
| Torill Svendsen | Askøy kommune | Nei |
| Anita Fonnes | Bergen kommune | Ja |
| Bente Cecilie Foss | Fylkesmannen i Vestland | Ja |

Vara for ressursgruppas medlemmer:

| **Namn** | **Representerer:** | **Deltok på møtet:** |
|---|---|---|
| Louise Bratlie | Bufetat | Nei |
| Siv Skotheim | RKBU Vest | Ja |
| Kristin Ryngøye Matre | Høyskolen på Vestlandet, campus Bergen | Nei |
| Frode Kyrkjebø | KS Vestland | Nei |
| Bente Styve Pettersen | NUBU | Nei |
| Randi Abrahamsen | KoRus | Nei |
| Eirin Baugstø | Barnehuset i Bergen | Nei |
| Cathrine Eide | RVTS | Ja |
| Astrid Mohus (student) | RVTS | ja |

Referat skrevet av Bente Cecilie Foss den: 11.02.2022

Referat godkjent av møtedeltakarane den: 15.02.2022